



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
11. 05. 2015	
Art. nr. 15/2192	LO. NR. 1
Betalt.	Tilgjengelige

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Sindre Lillebø - 55516407

Vår referanse:
2015/044886-007

Dykkar referanse:

Vår dato:
06.05.2015

Samarbeidsavtale - Sone Vest om adresseskilt langs riks- og fylkesvegar i Lindås kommune

Vedlagt følger i retur eit signert eksemplar av samarbeidsavtalen om forvaltning, drift og vedlikehald av adresseskilt for fylkesvegar.

Vi ber om at tilsendte faktura til Statens vegvesen vert merka med vårt saksnummer 2015044886, samt Statens vegvesen sin kontaktperson Gunhild Vangnes.

Plan og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

1 vedlegg

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

2015044886-3
att 821

Samarbeidsavtale i høve § 57 i matrikkellovforskrifta

om

Forvaltning, drift og vedlikehald av adresseskilt for fylkesvegar

Avtalepartar:

Lindås kommune

Statens vegvesen (SV), sone Vest

Organisasjonsnr.: 935084733

Organisasjonsnr.: 974 740 621

Grunnlag for samarbeidsavtalen

1. Kommunane er tillagt ansvaret for å tildele vegadresser til adresseeiniane i landet (Matrikkellova § 21)
2. Ansvaret for skiltinga av adressenamn og vedlikehaldet av desse skilta med tilhøyrande fundament er delt mellom kommunen og Statens vegvesen, jf. adresseforskrifta § 57. (Omfanget av SV sitt skiltingsansvar er klarlagt i vedlegg 1)
3. Adresseskilta, både dei som kommunen har ansvar for og dei som SV har ansvar for, er trafikkskilt som skal registrerast i skiltregisteret i Nasjonal vegdatabank (NVDB)
4. I tråd med tidlegare praksis har kommunen rett til vederlagsfri bruk av SV sine skiltfundament der det måtte høva, buskur og veggrunn for oppsetting av adresseskilt

Føremål

Føremåla med avtalen er ei god og rasjonell offentleg skilting av adressesystemet og ei tenleg forvaltning, drift og vedlikehald av adressesystemet innan kommunen ved:

- å etablere gode og effektive samhandlingsreglar og -prosedyrar for forvaltingsoppgåvene (Sikre eit god FVD av kommunen sitt adressesystem langs riks- og fylkesvegane i kommunen.)
- å gjera partane medvitne om sine plikter i høve adresseforskrifta (kap. 12 i forskrifta til matrikkellova og skiltforskrifta til vegtrafikklova

1. Ansvarstilhøve, rettar og plikter

1.1 Kommunen

- vedtek adressenamna, tildeler adresseiningane vegadresse, fastset skiltplassing, skilttype og påskrift som skal nyttast for alle offentlege adresseskilt
- melder frå til Statens vegvesen i samsvar med vedteken rutine om eksisterande og behov for nye adresseskilt langs fylkesvegar (jf. vedlegg 2)
- har vederlagsfri tilgang til å bruka SV sine trafikkskiltfundament som fundament for sine adresseskilt (jf. vedlegg 2)
- har vederlagsfri rett til å setta opp adresseskilt på grunn som tilhøyrer SV
- handsamar klager som gjeld adresseskilta
- skal ha tilgang til å bruke NVDB for registrering av kommunale adresseskilt i det eksisterande skiltregisteret og vederlagsfri opplæring i registrering av aktuelle data og telefonisk driftshjelp
- skal i eigen avtale (jf. vedlegg 3) avklara registreringa av data i skiltregisteret som gjeld trafikkskilt kommunen har sett opp langs fylkesvegar før og etter 2010
- har det generelle ansvar for FDV av adressesystemet med unntak av det ansvaret som etter forskriftene (sentral og lokal forskrift) er lagt til adresseeigar og Statens vegvesen

1.2 Statens vegvesen

I tillegg til det som går fram av pkt. 1.1, skal:

- SV lokalt medverke til å finna god plassering av adresseskilta, både dei som SV har ansvaret for og dei som kommunen har ansvaret for langs fylkesvegane i kommunen
- SV gje kommunen vederlagsfri tilgang til skilt databasen i NVDB for registrering og oppdatering av alle adresseskilta i kommunen
- SV vederlagsfritt gje turvande opplæring av den/dei som skal utføra oppdatering av skiltregisteret med SV og kommunen sine adresseskilt og tilhøyrande data og gje vederlagsfri hjelp til den som utfører registreringsarbeida

2. Oppseiing og endring av avtalen

Denne avtalen gjeld frå han er underskriven og til han vert skriftleg sagt opp av ein eller begge partane. Oppseiing må gjerast innan 1. juli med verknad frå 1. januar det følgjande året.

Avtalen kan **endrast** når behov måtte oppstå. Skifte av kontaktpersonar melder vedkomande part til den andre og begge partane fører endringa inn i sitt avtaleeksemplar. Andre tilhøve som gjer det tenleg med endringar i avtalen tek partane opp med kvarandre når behova måtte oppstå. Endring føresett at partane er samde om endringa(ne). Endringane skal vera skriftlege og underskrivne av partane og ført som nummererte vedlegg til denne avtalen.

3. Misleghald

Dersom det skulle oppstå ulike tolkingar av avtalen eller svikt i oppfølginga av han, skal partane i fellesskap løysa problemstillingane som det måtte medføre. Skulle dei ikkje bli samde om løysinga, kan den eine parten be om at tilhøva blir løyst ved volgift der kvar part oppnemner sin representant og med lensmannen i kommunen som voldgiftsdomar. Dersom partane i fellesskap ønskjer ein annan person som volgiftsdomar, kan vedkomande utføra oppgåva.

4. Vedlegg

For denne avtalen gjeld følgjande vedlegg:

Vedlegg 1. Miljøverndepartementet si tolking av omfanget av SV sine plikter i høve adresseforskrifta

Vedlegg 2. FDV-avtale for adressenamnskilta for riks- og fylkesvegar og som er SV sitt ansvar

Vedlegg 3. Registrering av adresseskilt i trafikkskiltregisteret i NVDB

Vedlegg 4. Oppgjerd for utført skilting som er SV sitt ansvar

5. Underskrifter og kontaktpersonar

Avtalen er utarbeidd i to eksemplar, eit til kvar av partane.

Dato 20/4-15


Tommy Veland

Lindås kommune

Kontaktpersonar

Namn TOMMY VELAND

zve @lindas.kommune.no

Dato 5.5.2015


Olav Finne

Statens vegvesen Region Vest

Namn

e-post

Kopi av brev frå Miljøverndepartementet av 01.11.2013 til prosjektleiar for
Adresseprosjektet til Regionrådet for Nordhordland

Om forståinga av matrikkelforskrifta § 57 om skilting av vegar

Vi takkar for din forespurnad av 10.6.2013 og beklagar at det har teke tid å svare.

Spørsmålet du tek opp gjeld tolkinga av matrikkelforskrifta § 57 om skilting, som lyder:

(1) Kommunen har ansvar for skilting av gater, veger, stier, områder og plasser som er nødvendig for å oppnå god merking av adressene. For riksveg og fylkesveg har regionvegkontoret dette ansvaret. Skiltene skal settes opp så snart som mulig etter at skrivemåten til adressenavnet er vedtatt.

Slik vi forstår det, tolkar du føresegna slik at alle skilt som vert sette opp langs riksveg eller fylkesveg skal oppførast og kostast av vegvesenet, også skilt som gjeld kommunal veg (sideveg). Vegvesenet og Kartverket legg ei anna forståing til grunn. Kartverket har i svaret sitt til deg lagt til grunn at vegvesenet "kun har ansvaret for dei adressenammskilta som er knytt til namnet av sjolve riks- og fylkesvegen".

Vi er samde i den forståinga av § 57 som Statens vegvesen og Kartverket legg til grunn, det vil seie at kommunen må koste adresseskiltinga av sine vegar, sjølv om skiltet vert plassert langs riksveg. Ei slik tolking høver best med ordlyden i føresegna og det som skal vere hovudregelen, nemleg at kommunen har ansvar for å koste skilting av kommunale vegar og fylkeskommunen og staten har ansvaret for riksvegane. Skilt som vegvesenet krev sett opp, må dei sjølv koste, også veg- og adresseskilt langs riksveg som gjeld tilkomst eller kommunal veg.

Dersom ein ved fastsetjinga av forskrifta skulle lagt ei anna forståing til grunn, ville ein måtte vurdere dei økonomiske og administrative konsekvensane av forskrifta. Ei slik vurdering vart ikkje gjort, og det er nærliggjande å leggje til grunn at det eine og aleine skuldast at ein ikkje meinte føresegna skulle gjere endringar i skiltansvaret for kommunale vegar som støyter inn til riksvegar som gjaldt etter delingslova.

Med helsing

Kari Strande (e.f.)

avdelingsdirektør

Magnar Danielsen

seniorrådgivar

Dokumentet er godkjent elektronisk, og har difor ikkje handskriven signatur

FDV-avtale for adressenamnskilta for riks- og fylkesvegar og som er SV sitt ansvar

1. Straks kommunen har vedteke eit adressenamn for ein parsell av ein riks- eller fylkesveg, sender kommunen melding til SV om vedtaket vedlagt eit kart som viser kva vegstykke namnet gjeld for. På kartet skal vera avmerkt kvar kommunen ønskjer oppsett ekstra namneskilt langs den aktuelle vegstrekninga i tillegg til namneskilta i begge endane av parsellen.
2. Dersom SV ønskjer ei anna plassering av tilleggsskilt/a, tek SV opp ønskt plassering med kommunen (som har avgjerdsmynde kva gjeld adresseskiltplassering). Det same gjeld dersom det kjem opp ønskje om oppsetting av fleire namneskilt på ein namnsett og skilta adresseparsell av ein riks- eller fylkesveg.
3. Kommunen kjøper aktuelle skilt og monteringsutstyr, set opp skilta og registrerer tilhøyrande data i NVDB
4. Manglar ved eksisterande namneskilt rettar kommunen og kommunen utfører turvande vedlikehaldet av alle adresseskilta og turvande oppdatering av skiltregisteret i NVDB for sin kommune.
5. For innkjøp av skiltmateriell og for utført arbeid, som det i følgje vedlegg 1 er SV sitt ansvar å dekke, sender kommunen spesifisert faktura til **Statens vegvesen, Regnskap, Båtsfjordveien 18, 9815 VADSØ**

Rammeavtale om skilting og forvaltning av adresseskilt

Vedlegg 3

Avtale om oppdatering av skiltregisteret i NVDB for kommunalt oppsette adresseskilt før 2010 som etter matrikkelforskrifta § 57 er SV sitt ansvar

Etter at kommunen har fått den opplæringa som er nemnd i andre • i 1.2 i rammeavtalen, registrerer kommunen adresseskiltdata i NVDB som er SV sitt ansvar.

Kommunen sender spesifisert faktura til Statens vegvesen, Regnskap, Båtsfjordveien 18, 9815 VADSØ for sitt arbeid.

Kommunen skal nytta timepris fastsett i Geovekstavlen for sine arbeid.

Avtalen er utarbeidd i to eksemplar, eit til kvar av partane.

Dato 20/4-15

Tommy Veland

Tommy Veland

Dato 5.5. 2015

Olav Finne

Olav Finne

Oppgjerd for utført skilting av adressenamn som er SV sitt ansvar

I følge vedlegg 1 er det Statens vegvesen sitt ansvar å dekke kostnadene til namneskilt, monteringsmateriell og montering av adressenamna for riks- og fylkesvegane og utført vedlikehald av desse som kommunane har hatt etter 01.01.2010.

Lindås kommune sett bort alt arbeidet med adresseskiltinga som var det offentlege sitt ansvar til Bergen Bydrift KS etter utlyst tilbod. Lindås betalte for arbeidet kr 466 per skilt. (Skilt og monteringsmateriell var innkjøpt av Regionrådet Nordhordland IKS.)

Som følge av at SV fekk ansvar til å kosta monteringa av namneskilta for fylkesvegane i kommunen etter 01.01.2010, skal kommunen ha dekke utlegga kommunen har hatt.

Kommunen har montert følgjande skilt:

fv. nr. 57	18 skilt,
fv. nr. 390	2 skilt
fv. nr. 391	4 skilt,
fv. nr. 394	4 skilt
fv. nr. 398	1 skilt
fv. nr. 400	3 skilt
fv. nr. 401	4 skilt
fv. nr. 402	3 skilt
fv. nr. 404	2 skilt
fv. nr. 415	3 skilt
fv. nr. 416	3 skilt
fv. nr. 565	<u>4 skilt</u>
Sum	<u>48 skilt à kr 466 = kr 22368.</u>